

PLANPROGRAM

TEMATISK KOMMUNEDELPLAN

HEMSEDAL KOMMUNE

VEDTEKE: 03.12.2020, K-sak 123/20



FRILUFTSLIV, IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2021-2024



INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Formål.....	3
2	AKTUELLE LOVER OG FØRINGAR.....	4
3	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	4
3.1	Politisk forankring.....	4
3.2	Organisering av arbeidet	4
3.3	Medverknad og samarbeidsparter	5
4	FRAMDRIFTSPLAN	5

Foto på framsida:

<i>Øvst t.v. Gravsetstugu utandørs med utsikt mot Storehorn, foto: Kjell Huso</i>	<i>Øvst t.h. Totteskogen rulleskianlegg – årets idrettsanlegg i Buskerud 2017, foto: Steinar Bleken</i>
<i>Nedst t.v. Sykling, foto: Nils-Erik Bjørnholt</i>	<i>Nedst t.h. Via Ferrata, foto: Nils-Erik Bjørnholt</i>

1 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN

Hemsedal kommune har pr.d.d. to planer som handlar om tema: idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet:

1. Stig- og løypeplan vedteken av kommunestyret den 09.10.2014, sak 64/14 som ein kommunal temaplan.
2. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vedteken av kommunestyret den 14.12.2017, sak 92/17.

Båe plana har ein handlingsdel med tiltak som vert revidert årleg.

Alt ved utarbeiding av stig- og løypeplanen så administrasjonen behovet for samkøyring av dei to ovannemnte plana, sidan dei har overlappende problemstillingar. Diverse prosesser gjorde likevel at dette viste seg å vere noe tungvint. Konklusjonen er difor at det er best å slå Stig- og løypeplan saman med Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet til ein **tematisk kommunedelplan for friluftsliv idrett og fysisk aktivitet**.

1.2 FORMÅL

Formålet med planen er å fremje friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet gjennom ein oppdatert og langsiktig plan. Inn under dette kjem å ha ein plan for utvikling og bygging av idrettsanlegg og anna tilrettelegging for fysisk aktivitet og friluftsliv i Hemsedal kommune. Planen vert òg lagt til grunn ved tildeling av spelemidlar.

Kulturdepartementet har følgjande minstekrav til innhald i planen:

- Målsetting for kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet
- Målsetting for anleggsutbygging
- Sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Resultatvurdering og evaluering av førre plana
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet
- Sjå samanhangen med andre planar i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg
- Lage oversikt over forventa kostnader knytta til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg (12-årig plan)
- Kart oversikt som viser eksisterande og planlagde anlegg

Andre gjennomgåande tema:

- Utviklingstrekk og trendar i kommunen
- Universell utforming
- Inkludering og aktivitet for alle
- Barn- og unge sine behov (barnetråkk og leikeplassar)
- Aktivitetsanlegg tilrettelagt for alle
- Aktiv transport
- Uorganisert aktivitet og nærmiljøanlegg

Meir om friluftsliv:

- Utfordringar: Korleis gjere friluftsliv meir tilgjengeleg? Korleis tilpasse oss trendar innan friluftsliv og fysisk aktivitet?
- Stikkord for utgreiing: friluftslivets ferdselsårer med utfartsparkeringar, bruer, stigar og løyper, skilting og merking, badeplassar, gamle ferdsleveggar, båt- og vassaktivitetar, grunneigaravtaler, fellesgodefinansiering samt kartlegging og verdsetting av friluftsområde med vurdering av statlig sikra friluftsområder.

Det vert òg lagt vekt på å ivareteke handlingsprogrammet med prioriteringsliste for tiltak frå gjeldande plan for idrett og fysisk aktivitet, samt gjort vurdering av ikkje gjennomførte tiltak i handlingsprogrammet for stig- og løypeplan for å behalde kontinuiteten. Samstundes bør det vere ein samanheng mellom ønskje av anlegg, og kommunen si evne til å finansiere både investering og drift av desse. I tillegg vert det gjennomført vurdering av inndeling i tiltakssoner jf. arealdelen til kommuneplanen 2018-2030.

2 AKTUELLE LOVER OG FØRINGAR

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov om friluftslivet (friluftsløven)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseløven)
- Lov om vegar og SVV sine handbøker
- Lov om kulturminner
- Samfunnsdelen til kommuneplanen
- Strategi for idrett og friluftsliv i Buskerud
- Handlingsplan for folkehelse Hallingdal
- Folkehelseoversikt for Heselal kommune
- Regionalplan for Nordfjella med Raudafjell
- Regionalplan for areal og transport i Buskerud 2018-2035
- Regionalplan for universell utforming – Buskerud mot 2025
- Nasjonal strategi for et aktiv friluftsliv 2014-2020
- Plan for friluftslivets ferdselsårer
- Stortingsmeldingar om idrett, friluftsliv og folkehelse
- Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet
- Veileder for tilrettelegging av turveier, løyper og stier
- Merkehåndboka

3 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

3.1 POLITISK FORANKRING

Stig- og løypeplan er prioritert i kommunal planstrategi 2016-2019 vedteke i Heselal kommunestyret 01.12.2016, sak 118/16

I høve til kommunal planstrategi 2016-2019 skulle stig- og løypeplanen verte revidert i 2017-2018 som kommunedelplan, men av diverse årsaker vart denne prosessen utsatt, medan kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vart revidert i 2017 med varighet 2018-2021. Kommunen jobbar nå med ny planstrategi der samanslåing av desse to plana vert synleggjort. Planstrategi 2020-2023 har vore opp til politisk 2. gongs handsaming i kommuneplannemnda og vert slutthandsama i kommunestyret i november i år.

3.2 ORGANISERING AV ARBEIDET

Kommunestyret er prosjekteigar og oppdragsgjevar. Kommunestyret vedtek planprogram, legg saka ut på høyring og eigengodkjenner planen.

Kommuneplannemnda og **Hovudutval for Livsløp** gjer naudsynte prosessvedtak, fram til eigengodkjenning i kommunestyret.

Prosjektansvarleg er Kommunedirektør og har ansvar for å utarbeide kommunedelplanen for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet.

Prosjektgruppa skal ha ei tverretatleg samansetting og vil bestå av teknisk sjef, arealplanleggjar, kulturkonsulent, landbrukskonsulent, miljøvernleder og representant frå helse. Gruppa leiast administrativt, og leiarfunksjon vert lagt til planavdelinga hjå teknisk. Prosjektsekretærfunksjon vert delegert til kulturkonsulent.

Det vert òg invitert representantar frå bl.a. HUS, Hemsedal Idrettslag, HTTL, Turlaget, Bondelaget, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet, Ungdomsråde og andre etter behovet ved behandling av aktuelle tema.

3.3 MEDVERKNAD OG SAMARBEIDSPARTER

Planprosessen krev ei god tverretatleg arbeidsform. Saka må ut på høyring slik at alle har høve til å koma med innspel til både planprogram og sjølve planen jf. plan- og bygningsloven. Dette gjeld offentleg mynde, lag og organisasjonar og representantar frå spesielle grupper som t.d. barn og unge, menneske med nedsett funksjonsevne, personar med innvandrarakgrunn, Ungdomsrådet og Eldrerådet.

Det vert informert om planarbeidet i lokalavisa og på heimesida til kommunen og informasjon oppdatert undervegs i planprosessen.

4 FRAMDRIFTSPLAN

Milepæl	Jan 2020	Nov 2020	Vinter 2020	Mai 2021	Juni-Aug 2021	Nov/Des 2021
Handsaming av forslag til planprogram	x					
Planprogram ut på høyring		x				
Vedtak av planprogram			x			
Administrativ arbeid med planforslag			x			
1.gongs handsaming				x		
Planforslag ut på høyring					x	
Administrativ arbeid med planforslag					x	
2.gongs handsaming og vedtak av plan						x